

## Saksprotokoll 17.09.2020 - fylkesutvalet

**Noralv Distad (H)** sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalet meiner forslaget om endring av dispensasjonsføresegnene § 19-2 vil styrkja det lokale sjølvstyret. Ein har tillit til at kommunane utøver skjønn på ein forsvarleg måte, og rår til at endringsframlegget blir vedteke.»

**Emil Gadolin (A)** sette på vegner av A, MDG og SV fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalet meiner kommunane bør ha et stort handlingsrom når det gjeld å avgjere spørsmål av lokal art. Det er viktig at fylkeskommunen gjennom samarbeid som "Planforum" medverkar til rettleiing, medverknad og politikktutforming som reduserer trongen for dispensasjonar. Fylkesutvalet støttar ikkje endring i dispensasjonsføresegnene i §19-2, og vil ikkje svekke plan- og bygningslova sitt prinsipp om heilskapleg arealdisponering og samordning gjennom vedtekne planar.»

**Trude Brosvik (KrF)** sette på vegner av KrF, Sp og V fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 2

Vestland fylkesutval meiner kommunane bør ha større handlingsrom når det gjeld å avgjere spørsmål av lokal art, og støttar ei oppmjuking av dispensasjonsåtgangen i PBL 19-2.

Det er viktig at fylkeskommunen gjennom samarbeid som "Planforum" medverkar til rettleiing, medverknad og politikktutforming som reduserer trongen for dispensasjonar.

Tillegg:

Nytt punkt 3

Vestland fylkesutval meiner "universell utforming" som omgrep bør inkluderast i PBL §19-2, tredje ledd.»

### Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Distad sitt forslag fekk 5 røyster (H, Frp) og fall.

Brosvik sitt forslag punkt 2 vart vedteke mot 6 røyster (A, SV, MDG).

Gadolin sitt forslag fekk 6 røyster (A, SV, MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 fekk ingen røyster og fall.

Brosvik sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet meiner at endring av *§8-1 Regional plan* som gir heimel til å gi forskrift om bruk av arealsoner og tekniske kvalitetskrav i regional plan med arealdimensjon vil vere til hjelp for meir effektiv bruk av regionale planar.
2. Fylkesutvalet meiner kommunane bør ha større handlingsrom når det gjeld å avgjere spørsmål av lokal art, og støttar ei oppmjuking av dispensasjonsåtgangen i PBL 19-2.

Det er viktig at fylkeskommunen gjennom samarbeid som "Planforum" medverkar til rettleiing, medverknad og politikktutforming som reduserer trongen for dispensasjonar.

3. Fylkesutvalet meiner "universell utforming" som omgrep bør inkluderast i PBL §19-2, tredje ledd.